

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Fastelavnssøndag - søndag 14. februar 2021

Preiketekst: Joh. 12, 20-33

Lesetekst I: Jes. 53, 1-5

Lesetekst II: 1. Kor. 1, 18-25

«Da falt et frø i jorden til evig liv igjen»

Første verset av Jonas Dahl sin salme (NoS 668), «Guds sønn steg ned å tjene», set oss på sporet av tema for denne fastelavnssøndagen.

Om dagen

Ordet fastelavn, har ikkje noko med faste å gjere. Det er det lett å tenke. Det kjem derimot av det tyske ordet faseln, å lage moro, å lage løye. «Fastelabend» var ei tid for å gjere spilloppar før fastetida tok til. Sjølve fastetida tok til Askeonsdag. Før den hadde ein karnevalstida (av latin carne vale- farvel til kjøtet). Blåmandag og feitetysdag var så viktige dagar, før fastetida tok til onsdagen. Ikkje minst i ein del katolske land har ein teke vare på innhaldet og konkret utøving av skikkar som har med denne tida å gjere.

Samstundes førebur tekstane denne søndagen oss på det som no kjem: Jesu lidning, død og oppstode. Dei førebur oss på vegen opp til Jerusalem; kjærleikens veg for oss. Såleis kan og Frans av Assisis bøn gjev god meining denne dagen: «Det er gjennom å gje at ein får...»

Om lesetekstane

Jes. 53, 1-5 – Songane om Herrens lidande tenar i Jesajaboka, har vel oftast, i rabbinsk jødedom, blitt tolka som vers som går på det jødiske folket sin skjebne. I kristen samanheng har dette ståtte fram som sentrale frelsesprofetiar om Jesus Messias.

Ikkje sjeldan har ein fått høyre om rabbinarar, som kunne rive ut desse sidene av Skrifta. Det er og mange vitnemål om jødar som har komme til tru på Jesus Messias nett gjennom det biletet tenarsongane gjev: Det var ein som gjekk audmjukt opp til Jerusalem, for så å bringe frelse, både for det jødiske folk og alle folkeslag!

1 Kor 1,18-25 – Ein krossfest Messias

«Guds visdom og menneskevisdom» er overskrifta hos Paulus her. Han visste noko, av eiga erfaring, om kor dyrebart jødane såg på lova og lovnadane om Messias dei hadde fått. Evangeliet vert slik ein snublestein for dei. Dei venta ein Messias i kraft. Istaden døyr Jesus audmjukt på ein kross. Paulus held fram i 2. Kor. 13,4: «så lever han i Guds kraft».

Snublesteinen med krossen er like fullt utfordrande ut frå Skrifta for ein jøde, «forbanna vere den som heng på ein kross», 5. Mos. 21,23, Gal. 3,13.

For ikkje-jødar vil dette vere ein bodskap under dårskapens teikn. Erkjenning, gnosis, var det viktige stikkordet i tida sine andelegstraumar. Når dei første kristne vart gjort narr av, med ein Messias med eselhovud, gav det peikepinn på korleis ein vart sett på av omverda.

Paulus, på si side, gjev aldri opp å fortelje om den dyrebar skatten, han har oppdaga og fått eit møte med gjennom denne oppstadne Jesus (Ap.gj.9). Guds dårskap er den djupaste visdom, for den gjer klart at alle menneske er syndarar utan skilnad. Intellektuelle fortrinn, visdom eller sosial rang og stilling, ikkje noko av dette gjev fortrinn overfor Gud.

Om preiketeksten

Preiketeksten i Joh. 12,20-33 står i det kapittelet som innleier siste del av Jesus sin offentlege opptreden i Johannesevangeliet. Snart ventar rettsprosessen som fører til krossfesting.

I kapittelet før, (kap.11), hadde Jesus vist seg som livet sin Herre og døden sin overvinnar, ved å vekke opp Lasarus frå dei døde. Så vart nettopp dette underet tunga på vektskåla som skulle føre han sjølv i døden.

I vår tekst, om grekarane som gjerne ville sjå Jesus, er dei nokon som får stå som representantar for verda utanfor Israel. «Og når eg blir lyft opp frå jorda, skal eg dra alle til meg»(v.32)

Grekarane var sannsynlegvis proselyttar, som hadde gått over til jødedommen. No var dei der i høgtida. Dei treffe Filip frå Betsaida. Han kunne sikkert gresk, avdi det ikkje var uvanleg i Betsaida, heimbyen hans, som låg lengst sør ved Genesaretsjøen.

Han og Andreas, frå same by, gjekk så til Jesus og fortalde om dei som gjerne ville sjå han.

Det hadde jo vore spennande å få vite meir om møtet mellom grekarane og Jesus. Det gjev ikkje teksten vår noko svar på.

Det som vert sett fokus på vidare er at no er «timen» kommen. Ofte før hos Johannes har Jesus sagt at «min time er ikkje kommen». No når der er nokre representantar også for andre folk, vel Jesus å fokusere på sin avgjerande time. Dette er ei spesiell stund både for jødar og heidningar! »Timen er kommen då Guds herlegdom skal lysa om Menneskesonen» (v.23)

Menneskesonen – (Tittelen er henta frå Daniels bok (Dan 7,13-14) – ein eksjatalogisk skikkelse med autoritet og all makt over alle nasjonar og tungemål – i eit rike som aldri går til grunne. I NT er det berre Jesus sjølv som brukar denne tittelen.)

Kveitekornet – er eit anna sentralt ord Jesus brukar i si undervisning om det som skal skje med han. Her fortel Johannes ei likning, ein av dei få ein finn i dette evangeliet. Han fortel om kveitekornet som døyr for å gje liv til andre korn, i staden for å bli eit korn åleine. Det skal då bere frukt. Slik vil hans død bli til liv og dermed bere frukt ved at menneske kjem inn i samfunn med han» (v. 32-33). Så er dette ei lov som rår både i naturen, og i det riket Jesus kjem med. Det vert og eit godt kjenneteikn i den kristne kyrkja: Å gje livet sitt for å få det. I dette ligg det ein djup løyndom. Ein kan gjerne kalla det forsoninga sin løyndom. Dette vert

då viktig i den disippelundervisninga Jesus gjev. «Guds sønn steg ned å tjene , og gav for oss seg hen, da falt et frø til jorden til evig liv igjen»

Getsemane hos Johannes – Siste del av teksten vår rommar og ein skildring av ein kamp. «Den johanneiska Getsemanescenen» kallar Anton Fridrichsen denne. «No er sjela mi fylt av angst»(v. 27). Me høyrer her den same bøna som i Getsemane, at Faderen sin vilje må skje, og me kan tenke oss kva det kosta Jesus å bøye seg under Faderen sin vilje. «Ikkje som eg vil, berre som du vil» lyder det til dømes hos Matteus (26.39). Her hos Johannes er det formulert slik: «Far, lat herlegdom lysa om namnet ditt!». (12.28). Herlegdomen her vert då eit uttrykk for ein intens kjærleik frå Gud til ei fallen menneskeslekt (Joh.3,14-17).

«Så strø mens våren driver...»

Noko denne teksten og får godt fram er den utfordring Jesus gjev sine etterfølgjarar. «Den som vil tena meg, må følgja meg, og der eg er, der skal tenaren min og vera. Den som tener meg, skal Far min æra.» (v. 26)

For det naturlege menneske vil herlegdom ofte bety ære, nyting, rikdom osv. Filosofar kan gje vakker visdom gjennom sine tankar og dikt. Det som Gud gjev oss gjennom Jesus, er det Paulus skriv: «det som ikkje kom opp i noko menneskehjarte, alt det Gud har gjort ferdig for dei som elsker han» (1. Kor. 2,9). Sitatet peikar «litt fritt» attende på orda i Jes.64,3.

Løyndomen i livet med Jesus Messias blir då og gje seg over til han, vere der han er. I det livet, i den audmjuke kjærleiksvegen, og i den nåden han gjev, så vert den fullkomne Guds kjærleik openberra. «Gjev du Kristus livet ditt, får du hans», skriv C. H. Martling i hans gode utkast til denne preiketeksten («Mitt i verkligheten» - 1983)

Jonas Dahl sin salme får fram gode poeng om forsoninga og etterfølginga:

«Når verdens under verker må smuldre hen og dø,

da skal vi se at livet lå gjemt i dette frø.

For kjærligheten varer, for kjærlighet er Gud.

Så strø mens våren driver, ditt liv for andre ut! (Nos 668 , 6-7)

Audun Systad

Sokneprest i Hyllestad, Sunnfjord prosti - og medlem av krinsstyret DNI Sogn og Fj.

audun.systad@hyllestad.kyrkja.no